



# Slår seg fram

Ein tamilsk kyrkjelyd i Groruddalen er i ferd med å bli norsktalande. Men cricket spelar dei framleis.

Aron Sagayaraj (t.v.), John Pradeep og Prasad Stanislaus (med ryggen til) spelar cricket, medan Timothy Varadarajan ser på.

Foto: Anders Myklebust



# Tamilisk på norsk

**Anders Myklebust**  
anders.myklebust@vl.no 22 310 374

Tolv år med integrering har gitt resultat. Søndagskulen hos den tamilske kyrkjelyden er blitt norsk.

Ein flokk norsk-eritreiske born leikar i gangane i eit industribygg i Groruddalen. Dei trykker på heisknappen og spring ut og inn medan skyvedøra går opp og igjen. Det er søndag og kyrkjetid, og medan borna leikar har dei vaksne samla seg til ortodoks gudsteneste.

Følgjer du heisen opp ein etasje, støyter du på tamilske born som leikar. Og enno ein etasje opp, finn du ein afghansk moské.

– Den einaste utfordringa er at det er bilkaos på parkeringsplassen under ramadan, smiler norsk-tamilske Daniel Holt.

**Norges nye kristne.** Klokka er tolv, og Daniel og den tamilske baptistkyrkjelyden er klar for søndagsmøte. Rundt 90 menneske er samla når assisterande pastor Puthiyian Muruganathan går på scena iført dress og slips. Han manar forsamlinga

til tilbeding med hallelujarop. Songen fyller rommet.

Ute står lufta i ro. Berre nokre måseskrik bryt søndagsstilla i industriområdet. Det farga, norske baptistsamfunnet er i stille vekst. På ti år har den tamilske kyrkjelyden vakse fra åtte til 170 medlemer.

Denne veka samlar Det norske baptistsamfunn seg til sommarfest og landsmøte i Stavern. I selskap med katolikkane er bap-

tistane det kristne samfunnet som lykkast best med innvandrarsamarbeid. Av i alt 94 er 30 immigrantkyrkjelydar. Sidan 2002 har kyrkjesamfunnet vakse med 30 prosent, i hovudsak på grunn av innvandring.

I dag har 30 prosent av medlemene innvandringsbakgrunn. Dei fleste er frå Burma, Sri Lanka, India, Vietnam og ulike afrikanske land.

– På grunn av krigen mellom



Assisterande pastor Puthiyan Murugananthan leier forsamlinga i bønn og song. Kor, band og folk i salen med mikrofonar sørger for å holde trykket oppe i to og ein halv time. Alle foto: Anders Myklebust

tamilar og singalesarar i Sri Lanka mellom 1983 og 2009, flykta mange av oss til Norge. Mange hadde med seg psykiske lidningar, fekk kulturelt sjokk og mangla nettverk. Vi starta opp ein kyrkjelyd for å hjelpe tamilar med desse problema, seier pastor Anton Sinnathamby.

Etter 40 minutt med bønn og song, går han på scena. Stemninga stig i salen og frekvensen av hallelujarop går opp. Scena

er opplyst og pynta til å passe inn i TV-ruta. To kameramenn filmar, og møtet blir sendt direkte, både på nett-TV, og radio, noko som er ein del av misjonsstrategien til fellesskapet.

**Mirakel.** Pastoren opnar for vitnesbyrd, og ei kvinne i 50-åra i salen får mikrofonen. Ho fortel at ho har vore døden nær. Ein dag besvime ho, og vart sendt

med ambulanse til sjukehuset. Nyrene fungerte ikkje, ho hadde diabetes, hjertetrottel og bakterieinfeksjon. Etter at dette skjedde for halvannan månad sidan, har kyrkjelyden fasta og bedt for henne. Ho kjenner det som eit mirakel at ho no er frisk igjen, og meiner at Gud har vore med henne heile vegen. Gud sende til og med ein tamilsk, kristen sjukleiar til henne som vart med på ope-

## DET NORSKE BAPTISTSAMFUNN

Har vaks med 30 prosent sidan 2002. Har i dag rundt 6.350 medlemmer. Veksten skuldast i hovudsak innvandrarar. Av i alt 94 kyrkjelydar er 30 immigrantkyrkjelydar.

**Dei fleste** nye baptistmedlemene er frå Burma, Sri Lanka, India, Vietnam og ulike afrikanske land.

**Er saman** med katolikkane det samfunnet i Norge som har lukkast godt med innvandrararbeid.

**Har denne** veka landsmøte og sommarrfest i Stavern.

Kjelde: Det norske baptistsamfunn

## TAMILAR

Folk i India, der dei tel rundt 63 millionar, og Sri Lanka, der dei tel rundt 4 millionar.

**Tamilane** på Sri Lanka har sidan 1980-talet ofte vore i nyhettsbiletet på grunn av krig og strid mellom tamilske rørsler og dei singalesisk-dominerte styresmaktene i landet.

Kjelde: Store norske leksikon

## DEN TAMILSKE BAPTISTMENIGHET I OSLO

Kyrkjelyden held til på Stål fjæra i Groruddalen.

**Har omrent** 170 medlemmer, dei fleste er tamilar frå Sri Lanka.

**30 prosent** av medlemene i kyrkjelyden var kristne då dei flykta frå Sri Lanka, dei resterande 70 var hinduistar. Ingen av dei var baptistar.

**Er i ferd** med å skifte namn til Faith baptist church for å bli ein internasjonal kyrkjelyd.

**Var den** andre etniske kyrkjelyden som knytta seg opp til Det norske baptistsamfunn. Har i dag søndagsmøter på tamilsk, søndagsskule på norsk og ungdomsmøte på norsk og engelsk.

**Har starta** kyrkjelydar i Sri Lanka, India og Kypros.



Møtet blir sendt direkte på nett og på radio. Baptistane driv eit utstrakt misjonsarbeid, og har starta forsamlinger i India, Sri Lanka og på Kypros.

rasjonen sidan ho snakkar dårleg norsk.

Mikrofonen blir sendt vidare til ei 19-årig jente. Ho fortel om sin kamp på skulen. I niande og tiande klasse var ho heilt på felgen, sleit med å stå i matte, engelsk og naturfag. Men ho heldt fast på lovnaden som Gud gir i Bibelen, at den som manglar visdom skal be og få det. No avslutta ho som ein av dei to beste på helsesekretær-utdan-

ninga. Prestasjonen vart krona med 1.000 kroner i eit gåvekort av utdanninga, fortel ho til jubel i salen.

Det tamilske fellesskapet, som i dag held til på Stål fjæra i Groruddalen, var den andre etniske kyrkjelyden i Det norske baptistsamfunn. Kvinnene i salen har tradisjonelle, fargerike kjolar. Mennene har dress eller fin bukse, skjorte og slips. Få av dei snakkar godt norsk.



Regis Holt (t.h.) brukar tamilsk bibel, medan dottera Jennifer (18) les i sin norske.

Talen på tamilsk minner i lydane om det ein kan høre på Bollywood-filmar, og Vårt Land får hjelp til å forstå gjennom ein tolk.

**Droppar tamilsk.** På bakarste benk sit Regis Holt med dottera si, Jennifer. Regis har ein tamilsk bibel i fanget, 18-åringen Jennifer har norsk. Jennifer snakkar tamilsk, men forstår ikkje alt i talen og slår difor opp bibelstadane på norsk.

Slik er det med borna på søndagsskulen også. Etter ein time med song, bønn og vitnesbyrd forsvinn borna ut til eigne samlingar. Her foregår alt på norsk, og tenåringane i kyrkjelyden står for undervisninga.

**Fest.** – Søndagar er ein festdag for oss, fortel Regis Holt.

Ho arbeider som helsestøster på skule og helsestasjon, og er gift med ein nordmann. Sidan ho kjenner både tamilsk og norsk kultur, er ho ein av dei ressurssterke i fellesskapet som hjelper dei andre som slit i sitt nye heimland.

– Nokon er skilt, nokon har ikkje visum, nokon er einsame og slit med å bli integrerte. Denne dagen kjem vi saman, og folk blir så lenge dei vil.

På Sri Lanka er rundt 7,5 prosent av folket kristne, og blant desse er tre av fire katolske. Men fridommen som baptistsamfunnet gir til å ta med eigen kultur

inn i kyrkjelyden, har gjort at mange tamilar og andre etniske grupper blir baptistar.

I denne kyrkjelyden kjem dei fleste i 11-tida og blir til sein på kvelden.

No er møtet over, og alle går inn i matsalen for å få tradisjonsell tamilsk mat. Over risen og dei godt krydra sausane, fortel Jennifer Holt at ho også har gått i ein norsk pinsekjerkelyd.

**Norsk ‘ungdomsopprør’.** – Eg likar det godt, dei har ofte ein litt rolegare måte å tale og be på, seier 18-åringen som har norsk far.

Ungdommene som sit rundt bordet, har alle mange norske venner. Dei fortel at dei no har starta med eigne ungdomsmøte.

– *De har alle vore på møte i to og ein halv time no. Men de vil ha enno eit møte?*

– Ja, det går bra når vi verkeleg brenn for dette. Samlinga er dessutan ganske kort, rundt ein halvtime, seier Jennifer.

**Internasjonal.** Ungdomspastor Prinshan Sathiyaseelan (25) fortel at dei vil vere ei internasjonal ungdomsgruppe.

– Vi samarbeider litt med Kristent Fellesskap Oslo som kjem hit og har andakter innimellom. Dei lærer oss norske lovsongar. Målet vårt er å få med ungdom med både norsk og annan etnisk bakgrunn, ikkje berre tamilsk, sei-



er ungdomspastoren.

21 personar sit i salen. Forma på møtet er likt som på voksenmøtet, men songane er norske og engelske, og pratinga, bortsett frå andakta, er på norsk.

**Muslimkamp.** Etter møtet går alle til parkeringsplassen utanfor.

– *Kva skal de no?*

– Vi skal spele cricket og volleyball. I dag spelar vi med dei

afghanske muslimane som heldt til i moskeen over oss, svarer 15-åringen Daniel Holt.

– *Går det bra å dele bus med ein moské?*

– Ja da. Før muslimane flytta



**Isaac Sinnathamby**  
(i brun genser) gir dei  
muslimske afghanarane  
motstand over nettkanten.  
Etter møtet spelar dei  
unge volleyball med dei  
som tilhører moskeen  
i etasjen over kyrkja deira.

Alle foto: Anders Myklebust

inn, lurte eg på kva som hadde skjedd dersom ei kyrkje og ein moske skulle dele bygg. Men det skjedde ingen ting.

Bortsett frå litt volleyball-speling, da.



Timothy Varadharajan og Benhanan Samson (i front frå venstre) tek gjerne føringa på søndagsskulen.



Zahra Rickman (3) brukar tradisjonelle klede på møtet slik som dei vaksne kvinnene.



Pastor Anton Sinnathamby serverer klartekst frå talarstolen. No vil han bygge ein internasjonal kyrkjelyd i Groruddalen.



Christina Shankaran (framme frå venstre), Jessica Shankaran og Apisha er van med lange møter. På søndagsskulen etterpå får dei norskspråkleg avveksling.

# Vil ikkje lenger vere tamilsk kyrkjelyd

**Anders Myklebust**

anders.myklebust@vl.no 22 310 374

Den tamilske batistmenighet som held til på Stål fjæra i Groruddalen i Oslo, er i ferd med å skifte namn.

– Ved årsskiftet innsåg vi at noko var feil ved namnet. Ved å ha «tamilsk» med i namnet avgrensa det oss frå resten av samfunnet. Kyrkjelyden vår skal

Kyrkjelyden vil no kalle seg Faith baptist church, og det nye namnet vil etter kvart kome på skilta i kyrkja. Pastoren, som også sit i hovudstyret i Det norske baptistsamfunn, trur kyrkjelyden etterkvart vil bli norsk-talande og internasjonal.

– *Er du ikkje redd for at de mistar mykje av dykkar tamilske identitet?*

– Det har vi gjort allereie. Men dette er vår visjon: Å bygge ein bibelsk kultur, og ikkje ein tamilsk eller jødisk eller norsk. Nordmenn har òg mista mykje av sin kultur dei siste tiåra. Det er slik verda utviklar seg.

– *Kva del av kulturen vil de halde på?*

– På møta går vi i tradisjonelle klede og et tamilsk mat etterpå. Dette er ikkje noko som støyter andre vekk.

**Tradisjonen er heilag.** – *Kva er ulempa ved å ha ein etnisk kyrkjelyd?*

– Folk tenker at å leve heilag er å vere heilt inne i sin kultur frå heimlandet. Til dømes inneber det å berre bruke morsmå-

let, og mange blir litt paranoide når dei får beskjed om å snakke norsk. Dei tenker at kulturen deira blir stjelt. Men det er unødvendig å vere så sta. Vi

utfordringa hos tamilane som flykta frå krigen i Sri Lanka. Dei var politisk engasjerte og ville støtte den eine eller den andre siden av krigen.

**«Dette er vår visjon: Å bygge ein bibelsk kultur, og ikkje ein tamilsk eller jødisk eller norsk»**

*Anton Sinnathamby,  
pastor*

**«Kyrkjelyden vår skal ikkje berre vere for tamilar»**

*Anton Sinnathamby,  
pastor*

ikkje berre vere for tamilar, fortalar pastor Anton Sinnathamby.

**Mange nye kristne.** Ingen av dei som no er med i kyrkjelyden var baptistar før dei kom til Norge, og berre 30 prosent var kristne. Dei resterande var hinduistar.

skal vere stolte av å vere tamilske, men vi må bruke norsk eller engelsk.

Pastoren har sidan oppstarten i 2000 hatt ein visjon om at kyrkjelyden skal integrere medlemmene inn i det norske samfunnet. Kyrkjelyden var den andre etniske forsamlinga som knytta seg til baptistsamfunnet.

– Men vi hadde ikkje peiling på korleis ein integrerte, og måtte berre ta tak i det som var

**Møtte motstand.** Mange håpa på det tidspunktet at tamiltigrane skulle vinne krigen slik at dei kunne flytte tilbake til heimlandet.

– Min visjon var å bygge fellesskap på tvers av det politiske, og at vi måtte integrere oss og etablere våre liv i Norge. Mange aksepterte ikkje det eg dreiv med.

– *Kva har du lært om korleis ein bør integrere?*

– Det finst ingen fasit. Men både innvandrarar som kjem til Norge og nordmenn som får dei i sitt lokalsamfunn, må respektere kvarandre. Integreringa tek også ofte ein generasjon. Den første er ikkje oppteken av å lære norsk, men av å få jobb etablere familie. Deretter vil dei neste generasjonane automatisk bli integrerte gjennom sin skulegang og sine norske vene som dei får der.